

Referat frå møte i Fresvik sokneråd torsdag 5.november 2020

Møtet vart halde på på Biblioteket i skulen kl 18.00.

Tilstade: Rolf Olsen, Bente Settevik, prest Rasmus C.B. Rustad, Frode Høgberg (1.vara) og Marianne Bøthun.

Rune Hatleli med frå IL Modig for orientering i sak 16/20.

Forfall: Geir Ove Bøthun.

Sak 11/ 20 Godkjenning av referat frå møte i soknerådet 8.mars 2020. Godkjent.

Sak 12/20 Preikeliste frametter; sett opp vertskap. Covid-19 retningslinjer gjeld.

15.nov kl. 11.00: Bente og Marianne kyrkjevertar.

6.des kl. 19.00 Lysmesse: Geir Ove og Marianne kyrkjevertar.

8.des kl. 18.00 Mulig konsert med Vik Musikklag (evt. utendørs?)

26.des. Kyrjekonsert med Fresvik skulekorps, Rolf og jentene, Siri W. Bøtun og elevar frå kulturskulen. Kyrkjevert: Marianne, Geir Ove og Rolf til stade.

Sak 13/20 Vist til søknader om offer/offertildeling ved gudstenester hausten/vinteren 2020 og gjort vedtak om følgande prioriteringar:

15.nov: Kirkens SOS Bjørgvin

6.des: Sygna i Balestrand

26.des: Kirkens Bymisjon

Kort orientering om kollekt samla inn hittil i 2019/2020.

19.des 2019: Bibelgaven til bibelarbeid i Etiopia: kr 887,- (kollekt)

24.des 2019: Kirkens Bymisjon, Bergen kr 1.891,-(kollekt)

6.sept 2020: Frelsesarmeen i Vik kr 951 (kollekt) + kr 788 (vipps). Tot kr 1739.-

Sak 14/20 Fått førespurnad om samarbeid om søndagsskule/ungdomsarbeid v/ Søndagsskolen i Bergen krets. Vedtak: soknerådet har ikkje kapasitet til å ta på seg og drive søndagsskule.

Sak 15/20 Diskutert vidare kring oppretting av evt. minnelund ved Fresvik kyrkje jfr. Tidlegare sak 6/20. Marianne vist døme med bilete av kva dei har gjort på Oppdal; ein enkel og verdig liten minnelund. Dette er aktuelt også for Fresvik. Gjort vedtak om at Fresvik Sokneråd jobbar vidare med planane saman med

Fresvik Sogelag, som også ser det som mogleg å evt. integrere 2 eldre gravminne i støypejern og 4 skiferheller frå eldre graver i monomentet til minnelunden. Marianne orienterer kyrkjekontoret v/ Ingvar Vangsnes.

Sak 16/20 Fått førespurnad frå IL Modig kring idrettslagshytta som er plassert i kyrkjeteigen og om dertil trong for evt. endringar dersom pågåande lovendringar om trussamfunn og Den norske kyrkja skulle krevje det. Rune Hatleli vore med frå IL Modig og orientert. Ynskje til idrettslaget er at eksistens og bruk hytte og også av området i kring til skiløype, held fram som før, til bygda sitt beste. Det eksisterer ein tinglyst punktbesteavtale og hytta er per i dag friteken for festeavgift. Vedtak: soknerådet gjer dette til vitande og kjem nærare tilbake til saka når ein har fått kopi av festeavtale og veit meir.

Sak 17/20 Årsmøte for 2019 som først var bestemt til 15.mars 2019 har vorte avlyst to gonger grunna covid-19 situasjonen. No står årsmøte for år 2020 for tur. Gjort vedtak om å ta møta felles våren 2021 når covid-19 situasjonen tillèt det. Byrjinga av februar er aktuelt, samt å leige Kafeen hjå Bygdelaget.

Sak 18/20 Kort orientering frå Fellesrådet for Vik v/ Rolf som er utsending. Tårn ved Feios kyrkje er no utbetra. Tiltak trengst også i Fresvik jfr. Sak 8/20. Utbetring av kledning/bordlister og kyrkjedør i Fresvik er ikkje gjort noko med. Må få statusrapport for Fresvik kyrkje. Vedtak: må undersøke kva som står i (ny) tilstandsrapport for kyrkjene og dertil prioriteringar, samt kva som evt. kan gjerast av kyrkjelyden sjølv på dugnad.

Rasmus orientert kort om planar for framtidig endring av liturgi for gudstenestene. Dette har vore utsett i påvente av tilsetting av prest(ar). Mål om å ha same liturgi for alle kyrkjene i kommunen.

Sak 19/20 Ymse: Diverse orienteringar o.a.

- Fresvik sokneråd formelt ønska velkommen til Rasmus og Karen som nyttilsett prestepar og gitt dei bøkene «Historiske glimt frå Fresvik» band 1 og 2 som gåve frå Fresvik sokneråd og Fresvik Sogelag.
- Det er planlagt kyrkjekonsert i Fresvik 8.desember med Vik musikklag; som motyting for kommunal dekking av husleige til øvingslokale i Vik.
- Covid-19 situasjonen har medført endringar av planane for kyrkjelyden. Det vart likevel gjennomført dugnad på kyrkjegarden 12.mai med godt frammøte. Forsøk på å få til ein sommarkonsert i Fresvik kyrkje måtte me gi opp (Aase Sæter m.fl., Fres'n avlyst). Også Svea stemna 6.sept vart avlyst, men gjennomført som vanleg gudsteneste i kyrkja i staden. Ungdomsklubben har gått sin gong i samarbeid med Sygna, men vart avlyst sist gong pga. Covid-19 smitte i nærområdet.

For Fresvik Sokneråd Marianne Bøthun